



Gaute Åsebø
C O Rasmus Åsebø Åsebøvegen 165
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2301 - 19/26560

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
20.12.2019

Godkjenning søknad om fritak for gjødselplan 46/4 Åsebø

Administrativt vedtak. Saknr: 316/2019

Saksutgreiing:

Gaute Åsebø har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr. 46, bnr.4. Drifta er 11 vinterfora sauer og 1 vaksen hest. Det er 10 daa fulldyrka, 15 daa overflatedyrka og 30 daa innmarksbeite på bruket. driftsforma er utegangardrift og det vert difor lite oppsamla gjødsel. Det vert kjøpt inn 200 kg 18-3-15 som vert handgjødsla på beite og slåttemark i april.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på jordbruksrealet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa			
200	18-3-15	25	beite/slåttemark	8	1,4	0,2	1,1

1,5 GDE Sau 0,5 hest

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 2 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg langt under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (2 GDE utan frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.12.2024 for gnr. 46, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Gaute Åsebø

C O Rasmus Åsebø 5917
Åsebøvegen 165

ROSSLAND